



Fløssvika Utvikling AS
Alvervegen 25
5911 ALVERSUND

Referanser:
Dykkar:
Vår: 21/3917 - 21/49517

Saksbehandlar:
Kjartan Medaas
kjartan.medaas@alver.kommune.no

Dato:
08.07.2021

Førebels svar med trong for tilleggsopplysningar - gbnr 195/235 Leiknes

Tiltak: Oppretting av ny grunneigedom
Byggjestad: Gbnr 195/235
Tiltakshavar: Fløssvika Utvikling AS

Kommunen stadfestar å ha motteke dykkar søknad 24.06.2021. På grunn av avklaringar kring feil i tomtegrense for naboTomta, gbnr 195/252, har sakshandsaming av søknaden vorte forseinka. Me orsakar dette.

Mottakskontroll

Kommunen har kontrollert søknaden og finn at den ikkje er fullstendig. Vi ber om at søknaden vert supplert med følgjande dokumentasjon:

1. Det må sendast nye nabovarsel då nabovarslinga som ligg ved søknaden er eldre enn 1 år. Me kan heller ikkje sjå at gbnr 195/2 og 195/252 er varsla. Før saka kan handsamast må alle naboar vera varsla i tråd med Pbl. § 21-3. Om nabovarsel vert sendt på e-post kan mottakar kvittere for motteke varsel ved å svare på e-posten . Om mottakar samtykker til tiltaket kan dette også oppgjevast i svaret. Kopi av mottatte svar på e-post må sendast kommunen som dokumentasjon på at nabovarsel er sendt.

Kommunen ber om at tilleggsinformasjon vert sendt inn samla innan 26.08.2021 . Dersom informasjonen ikkje er sendt til kommunen innan fristen, vert saka tatt til handsaming ut frå dei opplysningane som ligg i søknaden.

Det vert gjort merksam på at dette ikkje er ein fullstendig gjennomgang av søknaden. Denne tilbakemeldinga er gjort på bakgrunn av dei forholda som er kontrollert ved kommunen sin mottakskontroll. Vi oppmodar søkjar om å ta ein ny gjennomgang av søknaden før innsending av etterspurd dokumentasjon slik at ein unngår ytterlegare forseinkingar i saksgangen.

Sakshandsamingsfrist

Tidsfristar for sakshandsaming går fram av plan- og bygningslova § 21-7, jf. SAK § 7-1.

Gebyr

Gebyr vert rekna ut i frå Lokal forskrift om gebyr for teknisk forvaltningsteneste. Det vert sendt ut krav om gebyr i samsvar med gjeldande forskrift når saka er ferdig handsama.

Med vennleg helsing
Alver kommune, Plan og byggesak

Are Frøysland Grande
Avdelingsleiar

Kjartan Medaas
avdelingsingeniør

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakarar:

Fløssvika Utvikling AS

Alvervegen 25

5911

ALVERSUND